



Kunnskapsdepartementet  
Kultur- og likestillingsdepartementet

Handlingsplan

# Frå ord til handling

Handlingsplan for norsk fagspråk i akademia





# Innhold

<b>Føreord .....</b>	<b>5</b>
<b>1 Innleiing .....</b>	<b>6</b>
1.1 Status .....	7
1.2 Utfordringar .....	8
<b>2 Tiltak .....</b>	<b>10</b>
2.1 Norsk språk i undervisning og læring .....	10
2.2 Norskkompetansen til undervisarane .....	11
2.3 Norsk språk i forskning og formidling .....	12
2.4 Andre tiltak .....	14
<b>3 Økonomiske og administrative konsekvensar .....</b>	<b>16</b>
<b>4 Oversyn over ressursar for norsk fagspråk .....</b>	<b>17</b>





# Føreord

Norsk språk har tradisjonelt stått sterkt i norske akademiske miljø. Eit hovudformål med å etablere det første norske universitetet i Christiania i 1811 var at Noreg skulle få embetsutdanningar som var relevante for norske forhold. Sjølv om ein del forskning lenge har blitt publisert på eit framandspråk – tysk før andre verdskrigen og engelsk sidan –, har undervisninga og den allmennretta formidlinga tradisjonelt vore på norsk. Det har vore viktig for norsk kulturell identitet og for det opplyste offentlege ordsiftet som ligg til grunn for demokratiet vårt.

I dag er mange norske akademikarar internasjonalt orienterte i forskinga si. Det er òg mange av dei vitskapleg tilsette ved norske universitet og høgskular som er rekrutterte frå utlandet. Riktig handsama er dette ein styrke. Internasjonalisering er på mange fagområde ein føresetnad for høg kvalitet. Det er derfor naturleg at mykje av forskinga i dag blir publisert på engelsk for å nå ut til fagfellar i andre land. Det er òg ein føremon at mange norske studentar har studieopphald i andre land, og at norske institusjonar tek imot studentar og forskarar frå heile verda.

Men internasjonaliseringa må gjennomførast på ein slik måte at vi samstundes kan ta vare på eit livskraftig norsk fagspråk. Utviklinga av norsk fagspråk står i ei særstilling blant dei akademiske oppgåvene fordi ein ikkje kan vente at forskarar i andre land vil gjere dette for oss. Det norske samfunnet treng faguttrykk på norsk, og desse må samfunnet få frå dei norske akademiske fagmiljøa. Viss ikkje, vil engelske uttrykk gradvis overta. Det vil vere eit kulturelt tap, og dessutan eit demokratisk problem.

Erfaringa syner at norsk fagspråk ikkje varetok seg sjølv. Engelsk har lenge vore på frammarsj, og norsk fagspråk er dessverre svekt. I mange andre land – til dømes Frankrike, Spania og Island – har dei lenge hatt ein svært aktiv språkpolitikk. Det må vi òg ha i Noreg. Det er tid for å gå frå ord til handling. Vi må vareta og vidareutvikle fagspråk på alle fagområde, på både nynorsk og bokmål. Dei samiske språka har òg ei utfordrande stilling, noko som regjeringa nyleg har drøfta i ei eiga stortingsmelding, Meld. St. 13 (2022–2023) *Samisk språk, kultur og samfunnsliv*.

Denne handlingsplanen er ein invitasjon til eit krafttak for norsk fagspråk. Her har akademia, og særleg universiteta og høgskulane, eit viktig samfunnsoppdrag.



**Ola Borten Moe**

forsknings- og høgare utdanningsminister



**Anette Trettebergstuen**

kultur- og likestillingsminister

# 1 Innleiing

Det norske språket er berar av den norske kulturhistoria. Dei to skriftspråka og dei mange dialektane våre er heilt avgjerande for den kulturelle identiteten vår og for samhaldet i det norske samfunnet. For kvar enkelt av oss er morsmålet det viktigaste verktøyet vi har for tenking, kreativitet, læring, samtalar og deltaking i det offentlege ordskeiftet. Det norske språket er ein av dei aller viktigaste ressursane vi har.

I dag er norsk framleis eit livskraftig språk. Men målt opp mot engelsk, som er det dominerande verdsspråket, er det svært lite. Om lag 1 milliard menneske meistar engelsk, mens berre i overkant av 6 millionar meistar norsk. I ei verd der kommunikasjonen strøymar mykje raskare enn før, ikkje minst digitalt, må vi forvente at den globale engelskspråklege dominansen vil få enda større kraft framover. Det må vi handtere med ein kraftfull og målretta språkpolitikk.

Fagspråket som blir brukt på norske institusjonar for forskning og høgare utdanning, har mykje å seie for kommunikasjon, samhandling og deltaking i resten av samfunnet. Gjennom forskning og høgare utdanning blir det utvikla fagtermar og eit akademisk språk som pregar den offentlege samtalen, profesjonell terminologi, skuleverket, arbeidsspråket i norske verksemder og kvardagspråket vårt. Akademisk språkbruk har derfor høg prioritet i språkpolitikken til regjeringa.

Norsk fagspråk i akademia har allereie vore diskutert i fleire tiår. Sidan 1990-talet har Stortinget fleire gonger understreka at det norske fagspråket må bevarast og vidareutviklast parallelt med ei ønskt og nødvendig internasjonalisering, og uttrykt

uro for kor sterk auken i bruk av engelsk har vore. Særleg dei siste ti åra har det vore sett i verk ulike språkpolitiske tiltak. Men den negative utviklinga for norsk fagspråk i akademia har berre halde fram (sjå nærare omtale nedanfor).

Formålet med denne handlingsplanen er å setje i verk tiltak som er kraftfulle nok til å gje ei reell styrking av norsk fagspråk, samstundes som domenetapet til engelsk skal motverkast og etter kvart bli snudd. Handlingsplanen lanserer ei rekkje nye tiltak, i tillegg til at han styrkjer og samordnar eksisterande verkemiddel. Planen skal bidra til at ansvaret for norsk fagspråk kjem høgare opp på dagsordenen i akademia, både nasjonalt og ved institusjonane.

## 1.1 Status

Statistikken syner ein klar nedgang i bruk av norsk fagspråk dei siste tiåra, tydelegast i forskinga, men òg når det gjeld undervisning og læring. Delen av registrerte publikasjonar i det nasjonale forskingsinformasjonssystemet Cristin som er norskspråklege, er redusert frå 16 prosent i 2010 til 9 prosent i 2021, det seinaste året vi har tal for. Det er store skilnader mellom fagområda: Innanfor naturvitskap og teknologi er det nesten ikkje vitskaplege publikasjonar på norsk, i medisin og helsefag er 5 prosent av publikasjonane på norsk, i humaniora er delen norskspråklege publikasjonar redusert frå 42 til 27 prosent i perioden 2011–2019, og i samfunnsvitskap er delen redusert frå 33 til 24 prosent i den same perioden.<sup>1</sup>

På dei statlege universiteta og høgskulane har delen undervisningsemne med norsk som planlagt undervisningsspråk gått ned frå 85 prosent i 2010 til 72 prosent i 2021, medan engelskdelen har auka om lag tilsvarande, frå 15 prosent til 28 prosent. I den same perioden har delen studentar på emne med norsk som planlagt undervisningsspråk gått ned i alle fagområde. Når det gjeld mastergradsoppgåver, syner statistikken òg at delen som er skriven på engelsk, aukar. I 2021 var delen engelskspråklege oppgåver om lag 45 prosent.<sup>2</sup>

Talet på norskspråklege doktorgradsavhandlingar har lege nokolunde stabilt på kring 100 dei siste 20 åra, om lag 10–15 av dei på nynorsk, medan talet på engelskspråklege har auka frå 1323 i 2012 til 1450 i 2022. Såleis var om lag 93 prosent av avhandlingane på engelsk i 2022, ein auke på 2–3 prosentpoeng sidan 2010, medan om lag 7 prosent var på norsk. Det blir omtrent ikkje skriva avhandlingar på andre språk i Noreg.<sup>3</sup>

Utviklinga i bruken av norsk og engelsk heng saman med internasjonaliseringa av dei vitskaplege stabane, som har vore sterk dei siste tiåra. Delen forskarar med utanlandsk bakgrunn ved norske universitet, høgskular, helseføretak og forskingsinstitutt har auka frå 18 prosent i 2007 til 32 prosent i 2021. Innanfor naturvitskap og teknologi er delen heile 49 prosent.<sup>4</sup> Delen utanlandske studentar har ikkje vakse vesentleg.

<sup>1</sup> Forskingsrådet (2020) *Indikatorrapporten 2020*.


<sup>2</sup> Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) (2022) *Tilstandsrapport for høgere utdanning 2022*.

<sup>3</sup> SSBs statistikk om forskarpersonale (doktorgradsavhandlingar etter språk).

<sup>4</sup> SSBs statistikk om forskarpersonale.

Hausten 2022 gjennomførte Rambøll ei undersøking om norsk fagspråk og terminologi i universitets- og høgskulesektoren for Språkrådet og Språksamlingane ved Universitetet i Bergen.<sup>5</sup> Undersøkinga syner at det er få av dei vitskapleg tilsette som oppgjev at dei blir oppmuntra til å skrive fagtekstar på norsk, medan det er ei tydeleg oppmuntring til å skrive fagtekstar på engelsk. I den same undersøkinga meiner nesten halvparten av dei spurde at norske faguttrykk manglar i nokon eller i større grad innanfor faget deira.

### Utviklinga for språk i akademia



## 1.2 Utfordringar

Moderne forskning er i stor grad ei global verksemd. Forskarar i dei aller fleste fag er avhengige av å publisere i internasjonale kanalar for å få forskingsresultata sine vurderte mot den internasjonale forskingsfronten og for å leggje til rette for forskningssamarbeid. I mange fag er dette ein føresetnad for høg kvalitet. At mykje norsk forskning i dag blir publisert på engelsk, er derfor ikkje i seg sjølv eit problem. Val av publiseringsspråk er dessutan omfatta av den akademiske fridomen, og ligg til den enkelte forskaren.

Samstundes er det òg ei rekkje fagområde der viktig fagleg debatt går føre seg i eit norskspråkleg miljø, til dømes i forskinga på spesifikt norske eller nordiske tema, eller knytt til profesjonsutøving i det norske samfunnet. Denne forskinga må sikrast publiseringsspråk av høg kvalitet og må bli verdsett ut frå kor viktig ho er, til liks med den engelskspråklege.

Utfordringane er meir presserande innan høgare utdanning. Som vist ovanfor har det vore ein sterk auke i delen av undervisninga på universiteta og høgskulane som går føre seg på engelsk, på både bachelor- og masternivå. Institusjonane skal sjølvsgt

<sup>5</sup> Rambøll (2023) *Undersøkelse om norsk fagspråk og terminologi i universitets- og høyskolesektoren*.



kunne tilby engelskspråklege emne retta mot internasjonale studentar, men rapportar frå sektoren tyder på at overgangen til engelsk ofte skjer utan at det er teke fagleg grunnleggjende val om dette, og ofte utan at studentane på førehand kan lese det ut av emneomtalen. Årsaka kan vere undervisarar som ikkje kan norsk, eller at det syner seg at studentgruppa inneheld ikkje-norskspråklege studentar.

Om norsk fagspråk skal bli ført vidare, er det avgjerande at undervisarane meistrar norsk språk. Internasjonalt rekrutterte undervisarar må få språkopplæring slik at dei kan undervise på norsk etter nokre år. Dei må òg kunne rettleie studentane i oppgåveskriving på norsk, bidra som sensorar, delta fullt ut i den administrative og kollegiale verksemda ved institusjonane og delta i det norske samfunnslivet.

Dei som skal undervise på norsk, treng eit godt utvikla norsk fagspråk og norske termar. Dette er òg noko studentane treng når dei skal skrive oppgåver. Innspela til arbeidet med handlingsplanen tyder på at det i mange fag er vanskeleg å få oversyn over terminologien på norsk. I nokre fag heng bruken av engelske ord og uttrykk saman med at det rett og slett manglar norske termar. Målet må vere at terminologien skal vere lett tilgjengeleg på engelsk og norsk (bokmål og nynorsk) for dei som treng han, både innanfor og utanfor academia. Det er fagfolka i academia som må utvikle denne terminologien, og han bør gjerast breitt tilgjengeleg gjennom den digitale Termportalen ved Universitetet i Bergen.

Når stadig meir kommunikasjon, samhandling og oppgåveløysing skjer digitalt, må vi leggje til rette for at dette kan skje på norsk. Den seinaste utviklinga innan kunstig intelligens, som til dømes samtaleroboten ChatGPT, syner kor avgjerande dette vil bli for bevaring og utvikling av det norske språket og for at teknologien skal fungere optimalt i ein norsk samanheng. Academia er ein viktig aktør som ein stor brukar av språkteknologiske verktøy, og som ein premisssgjevar for utviklinga gjennom forskning, undervisning og deling av data.

Norsk fagspråk er òg avgjerande for at forskarane skal kunne formidle forskinga si til det norske samfunnet. Demokratiet vårt og den offentlege samtalen er avhengig av slik formidling for at vi skal kunne drøfte aktuelle saker i tida, som til dømes klima- og miljøspørsmål eller kunstig intelligens. Kierulf-utvalet, som greidde ut om ytringsfridomen i academia, tilrådde at formidlingsarbeidet i sektoren bør styrkjast, noko regjeringa har slutta seg til. Då treng vi norskspråklege tidsskrift, fagleg solide leksikon, lærebøker og andre fag- og sakprosabøker på norsk der fagspråket blir brukt i lengre, samanhengande tekstar. I tillegg treng vi samandrag på norsk av doktoravhandlingar og masteroppgåver og av funna i engelskspråklege forskingsprosjekt.

Institusjonane er tidlegare blitt pålagde å utarbeide språkpolitiske retningslinjer eller språkstrategiar, og det dåverande Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) publiserte i 2021 ein rapport som vurderte språkarbeidet ved institusjonane. Oppsummeringa var at dei aller fleste institusjonane hadde utarbeidd språkstrategiar, men at det var stor variasjon i kor viktige dei var for institusjonane, og i kva grad institusjonane hadde forsøkt å implementere dei.



## 2 Tiltak

### 2.1 Norsk språk i undervisning og læring

Dei aller fleste norske studentar skal ut i eit norskspråkleg samfunns- og arbeidsliv. For å lukkast der må dei ha tileigna seg det norske fagspråket på sine fagområde og fått øving i akademisk bruk av norsk, både munnleg og skriftleg. Dette er ein viktig kompetanse som alle studieprogram må vareta, med enkelte unntak der dette er fagleg godt grunngjeve.

Regelen om norsk fagspråk i den noverande universitets- og høgskulelova (§ 1-7) har vore meint å sikre mellom anna dette. Tidlegare inneheldt lova eit ledd som sa at «undervisningsspråket er til vanlig norsk», men dette vart fjerna i 2002. Sidan 2009 har det i forarbeida til regelen om norsk fagspråk vore understreka at norsk som eit generelt utgangspunkt skal vere hovudspråket ved norske universitet og høgskular.

Mykje tyder på at denne føringa i forarbeida til lova ikkje har vore tydeleg nok, for som omtalt i førre kapittel, har utviklinga gått i retning av at ein stadig større del av undervisninga går føre seg på engelsk. Regjeringa ønskjer å motverke denne uheldige utviklinga, og vil derfor i framlegget til ny universitets- og høgskulelov klargjere reglane på feltet. Regjeringa vil òg gjere framlegg om reglar som skal sikre at studentane får den nødvendige kompetansen i norsk fagspråk, mellom anna ved at denne kompetansen blir teken inn i nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk og at studentane får rett til å skrive oppgåver på norsk.

Nr.	Tiltak
1	Tydeleggjere reglane om norsk fagspråk i den nye universitets- og høgskulelova slik at det blir klarare kva institusjonane skal <i>gjere</i> for å innfri kravet i lova
2	Foreslå å gjeninnføre ein regel i universitets- og høgskulelova om at undervisningsspråket er norsk eller samisk, med høve til fagleg grunnjevne unntak
3	Foreslå krav om at studentane skal få kompetanse i norsk fagspråk i høgare utdanning, i forskrift om nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk
4	Foreslå å innføre ein rett for studentane til å skrive bachelor- og masteroppgåver på norsk gjennom endringar i universitets- og høgskulelova i 2024

## 2.2 Norskkompetansen til undervisarane

Målet om at norske studentar skal lære å bruke norsk fagspråk, føreset at undervisarane sjølv meistrar norsk. På dette området har vi utfordringar, som vist ovanfor. Universiteta og høgskulane har dei siste tiåra rekruttert stadig fleire tilsette frå utlandet. Det kan i mange samanhengar vere godt grunnjevne. Dei internasjonalt rekrutterte er ein viktig ressurs, og høvet til internasjonal rekruttering skal stå ved lag. Men erfaringa syner at det er gjort for lite for å sikre at dei internasjonalt rekrutterte oppnår den nødvendige kompetansen til å delta i eit norskspråkleg arbeidsmiljø og til å undervise på norsk når stillinga inneber undervisningsoppgåver.

På dette området er det behov for tiltak. Tilsette som treng det, må få tilbod om nødvendig norskopplæring, og det må stillast tydelege krav og forventningar om oppnådd kompetanse. I tildelingsbrevane til universiteta og høgskulane for 2022 gav Kunnskapsdepartementet derfor føringar om at internasjonalt rekrutterte skal oppnå norskkompetanse på nivå B2 seinast to år etter tilsetjing. Institusjonane er i full gang med å implementere føringa, men det har òg komme innvendingar om at to år er for kort tid for ein del tilsette. Som eit tiltak i denne handlingsplanen tek Kunnskapsdepartementet sikte på å fastsetje føringa i ei forskrift. Departementet vil då justere fristen til tre år i tråd med tilbakemeldingane, slik at krava blir både tydelege og realistiske.

Erfaringane syner vidare at det er behov for ei særskild føring når det gjeld doktorgradsstipendiat- og postdoktorstillingar. Viss internasjonalt rekrutterte stipendiatar skal kunne delta i eit norskspråkleg arbeidsmiljø og kvalifisere seg for andre stillingar i Noreg på sikt, må dei òg få nødvendig opplæring og oppfølging.

Undersøkingar syner at systema for språkopplæring på universiteta og høgskulane har manglar når det gjeld kapasitet og kvalitet, og at oppfølginga av dei internasjonalt tilsette når det gjeld norsk fagspråk, bør betrast. Somme institusjonar har gjort språkopplæring til ein del av kursa i universitets- og høgskulepedagogikk. Her må det gjerast eit løft, og det må leggjast til rette for erfaringsdeling mellom institusjonane, til dømes i regi av Universitets- og høgskulerådet.

Nr.	Tiltak
5	Foreslå å forskriftsfeste eit krav om norskkompetanse på nivå B2 innan tre år for fast tilsette som har undervisningsoppgåver og som ikkje har norskkunnskapar på minst dette nivået ved tilsetjing
6	Foreslå å forskriftsfeste eit krav om at doktorgrads- og postdoktorstipendiatar som ikkje har kunnskapar i norsk ved tilsetjing, får tilbod om norskopplæring og krav om gjennomføring av norskopplæring tilsvarande minst 15 studiepoeng
7	Følgje opp systema for norskundervisning og -vurdering ved universiteta og høgskulane, i dialog med institusjonane og Universitets- og høgskulerådet
8	Arbeide for at formidling på norsk og utvikling av norsk fagspråk og terminologi skal vektleggjast meir i rekruttering og merittering (jamfør NOR-CAM)

## 2.3 Norsk språk i forskning og formidling

Ein føresetnad for styrking av norsk fagspråk er ein berekraftig norsk språkvitskap. Rapportar frå sektoren tyder på at fleire av dei nødvendige språkvitskaplege områda (leksikografi, terminologi, namnegransking, språkteknologi osb.) i dag er til dels fragmenterte og manglar stabil rekruttering. Dei viktige samfunnsinteressene som knyter seg til norsk språk generelt, og utfordringane for norsk fagspråk i academia spesielt, tilseier at det no er behov for betre koordinering og styrking av norsk språkvitskap. Kva verkemiddel som kan vere aktuelle, må vurderast nærare, mellom anna som oppfølging av ei utgreiing som Telemarksforsking nyleg har utført på oppdrag frå Språkrådet.

Tilgang på norske fagtermar er grunnføresetnaden for at det skal vere mogeleg å skrive fagtekstar på norsk med den presisjonen og konsistensen fagspråket krev. Fagtermar er òg viktig for utvikling av norsk språkteknologi. Termportalen ved Universitetet i Bergen er ein nasjonal infrastruktur for terminologi. Her kan fagmiljø byggje opp og tilgjengeleggjere eigne termbasar. Studentar, forskarar og fagfolk i ulike sektorar kan søkje etter fagtermar på norsk (bokmål og nynorsk) og engelsk på tvers av fagområde. Termportalen må styrkjast og utviklast vidare. Terminologi frå fleire fagområde må leggjast til, og portalen må gjerast betre kjent for at fleire skal engasjere seg i å utvikle termar og for at portalen skal takast i bruk av målgruppene.

Oppdaterte og kvalitetssikra rettskrivingsordbøker og dokumentasjonsordbøker som inneheld det sentrale allmennspråklege ordtilfanget og syner kva som er rett bokmål og nynorsk, er viktige for alle som skal bruke norsk språk, anten det er elevar, studentar eller fagfolk. Staten har finansiert store ordbokprosjekt dei siste åra, og det vil vere behov for vidareutvikling og vedlikehald av ordbøker og tilhøyrande ressursar i takt med at språket og samfunnet utviklar seg. Til terminologi- og ordbokarbeidet er ein avhengig av solide fagmiljø i mellom anna leksikografi, terminologi og språkteknologi.

For at norsk fagspråk skal sikrast i åra som kjem, må vitskapleg tilsette ha tilgang til gode norskspråklege publiserings- og formidlingskanalar. På dette området forvaltar Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) to viktige tilskottsordningar, ei for tidsskrift og ei for lærebøker på norsk. Ordninga for tidsskrift har i dag så god søking at Kunnskapsdepartementet tek sikte på ei styrking for å støtte fleire gode

tidsskrift. Ordninga for lærebøker vart gjennomgått i 2021, og fagområde med stort domenetap til engelsk og bøker på samisk og på nynorsk har fått auka prioritet i ordninga, men søkinga i seinare år har vore moderat. I lys av ambisjonane til denne handlingsplanen vil departementet be HK-dir vurdere om innrettinga av ordninga bør endrast for å stimulere til meir skrivning og bruk av lærebøker på norsk. Det kan òg vere aktuelt at ordninga støttar omsetjing til norsk. Som mange har peika på i innspela til planen, er utarbeiding av gode læremiddel heilt sentralt for utvikling og bruk av norsk fagspråk og terminologi.

Det vil òg i framtida bli publisert mykje norsk forskning på engelsk. For at denne forskinga skal bli teken i bruk i det norske samfunnet, er det viktig med formidling på norsk gjennom norske samandrag, omsetjingar og anna formidlingsaktivitet. Auka bruk av kunnskapsoppsumeringar på norsk vil vere eit godt verkemiddel.

Ved tildelinga av forskingsmiddel gjennom Noregs forskingsråd blir det stilt krav om at forskingsprosjekta skal ha ein formidlingskomponent. Sjølv om vitskaplege publikasjonar frå prosjekta er på engelsk, vil formidlinga av forskingsresultata ofte skje på norsk. Forskringsrådet vil tydeleggjere dette i samband med utlysingar og tildelingar av forskingsmiddel.

Publiseringssindikatoren i finansieringssystemet for universitet og høgskular har eksistert i mange år og har i praksis favorisert vitskapleg publisering i internasjonale engelskspråklege kanalar framfor norskspråklege. For å fremje formidling på norsk har fleire, mellom anna Kierulf-utvalet, teke til orde for ein eigen formidlingsindikator. I framlegget til nytt finansieringssystem har regjeringa i staden valt å fjerne publiseringssindikatoren, mellom anna for å styrkje norsk fagspråk.

I arbeidet med den nye boklova vart det vurdert om lærebøker for høgare utdanning og fagbøker skulle innlemmast i verkeområdet til lova. Omsynet til norsk fagspråk var avgjerande for at regjeringa har gjort framlegg om å halde desse bokgruppene innanfor verkeområdet, slik at viktige litteraturpolitiske verkemiddel som fastprisordninga, skaffe- og leveringsplikt og høve til å forhandle om normalkontraktar også kjem denne delen av bokmarknaden til gode.

Nr.	Tiltak
9	Sikre berekraftige fagmiljø i norsk språkvitenskap, inkludert mellom anna terminologi, leksikografi, namnegransking og språkteknologi
10	Styrkje arbeidet med utvikling og tilgjengeleggjering av terminologi <ul style="list-style-type: none"> <li>• leggje til rette for vidare utvikling og bruk av Termportalen</li> <li>• ta initiativ til utvikling av modellar for samarbeid om terminologiutvikling mellom universiteta og høgskulane og med Termportalen</li> <li>• vurdere å leggje til rette for at tilsette kan registrere terminologiarbeid i Cristin / Nasjonalt vitenarkiv</li> </ul>
11	Vidareføre og samordne ressursar til dei statleg finansierte ordbokprosjekta <ul style="list-style-type: none"> <li>• leggje til rette for vedlikehald og utvikling av Norsk ordbank som digital grunnlagsressurs for korrekt, normert bokmål og nynorsk</li> </ul>
12	Styrkje tilskottsordninga for norskspråklege forskingstidsskrift i Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir)
13	Vidareutvikle lærebokordninga i Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) for å stimulere til meir skrivning og bruk av læremiddel på norsk, og vurdere styrking av ordninga når det er behov for det
14	Vidareføre føringa om norskspråkleg samandrag i engelskspråklege oppgåver/ avhandlingar (bachelor, master, ph.d.)
15	Forsterke Forskingsrådet sin innsats for å fremje norskspråkleg formidling frå forskingsprosjekta dei finansierer
16	Fjerne publiseringssindikatoren i finansieringssystemet for universitet og høgskular
17	Sikre gode vilkår for å skrive, gje ut og omsetje lærebøker for høgare utdanning og fagbøker for profesjonsmarknaden på norsk ved å innlemme desse bøkene i verkeområdet til boklova

## 2.4 Andre tiltak

Administrasjonsspråket ved universiteta og høgskulane er viktig både praktisk og språkpolitisk. Rapportar tyder på at engelsk i dag blir valt stadig oftare i administrative møte og skriftleg kommunikasjon ved institusjonane. Dette er ei uheldig utvikling som bidreg til ytterlegare domenetap for norsk. Institusjonane må sjølvstekt kommunisere på engelsk når det er nødvendig, men statlege universitet og høgskular er òg omfatta av språklova. Særleg relevante er formålsparagrafen (§ 1), der det mellom anna står at offentlege organ har ansvar for å bruke, utvikle og styrkje bokmål, nynorsk og samiske språk, paragrafen om norsk språk (§ 4) og paragrafane om skandinaviske språk, klart språk og offisiell rettskriving (§§ 8–10). Kunnskapsdepartementet vil i samband med forslag til ny universitets- og høgskulelov presisere at regelen om norsk fagspråk inneber at institusjonane bruker norsk (bokmål og nynorsk, i samsvar med reglane i språklova) eller samisk som hovudspråk administrativt. Departementet vil følgje opp med føringar på eigna måte.

Språkteknologiske verktøy som maskinomsetjing, talesyntese, talegjenkjenning og stave- og grammatikkontrollar har blitt ein sjølvsgad del av kvardagen til mange – også i academia. Teknologien er i rask utvikling og er i stand til å effektivt løyse ei rekkje oppgåver som før ikkje kunne automatiserast. For å fungere optimalt i vårt samfunn må slik teknologi fungere godt på både bokmål og nynorsk. Taleteknologi må òg forstå norske dialektar.

For at det skal vere mogleg å utvikle god språkteknologi på norsk, trengst det eit sterkt norsk fagmiljø for språkteknologi og tilgang til store mengder norsk tekst og tale som kan nyttast til å trene maskinlæringsalgoritmane som ligg til grunn for teknologien. Det trengst òg norsk fagspråk på alle fagområde, inkludert utvikla terminologi, som kan brukast til å utvikle spesifikk språkteknologi. Språkbanken ved Nasjonalbiblioteket er nasjonal infrastruktur for språkteknologi og har i oppdrag å utvikle og dele opne datasett for norsk språkteknologi. Datasett frå språkbanken har mogleggjort mykje av den norske språkteknologien som finst i dag. Med utvikling av stadig meir avansert teknologi bygd på kunstig intelligens, vil vidare utvikling av språkbanken som infrastruktur og tilbydar av grunnlagsressursar for språkteknologi bli viktigare i åra som kjem.

Åndsverklova med forskrifter legg til rette for tekst- og datautvinning i enkelte nærmare spesifiserte situasjonar. Regjeringa arbeider med gjennomføring av EUs digitalmarknadsdirektiv, der artikkel 3 og 4 regulerer tekst- og datautvinning til forskingsformål, medrekna språkteknologisk forskning. Gjennomføring i norsk rett vil både utvide og klargjere den rettslege ramma rundt tekst- og datautvinning i regi av forskingsinstitusjonar, kulturarvsinstitusjonar og private aktørar.

For at det skal vere mogleg å nå måla i denne handlingsplanen, er det nødvendig med god informasjon om stoda og å følge nøye med på implementeringa av tiltaka dei kommande åra. Kunnskapsdepartementet vil følge opp tiltaka i denne planen gjennom den faste styringsdialogen med universiteta og høgskulane. Departementet vil òg be Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) samarbeide med Språkrådet om å betre statistikken over norsk fagspråk. Departementet tek sikte på å setje i verk ei evaluering av arbeidet med norsk fagspråk ved universiteta og høgskulane i 2025.

Nr.	Tiltak
18	Gje føring om norsk som administrasjonsspråk ved universiteta og høgskulane
19	Legge til rette for bruk av bokmål, nynorsk og norske dialektar i digitale tenester og verktøy <ul style="list-style-type: none"><li>• sikre berekraftige fagmiljø innan språkteknologi (jf. tiltak 9)</li><li>• vidareføre og utvikle Nasjonalbibliotekets språkbankoppdrag</li><li>• gjennomføre EUs digitalmarknadsdirektiv i norsk rett</li><li>• arbeide vidare med deling av data til språkteknologiformål</li></ul>
20	Betre statistikken over utviklinga for norsk fagspråk i academia
21	Evaluere arbeidet med norsk fagspråk og terminologi ved universiteta og høgskulane, medrekna arbeidet institusjonane gjer med eigne språkstrategiar



### 3 Økonomiske og administrative konsekvensar

Dei viktigaste konsekvensane for universiteta og høgskulane vil vere ein auke i norskopplæringa til tilsette som ikkje meistarar norsk, meir bruk av norsk i undervisninga og i administrativ kommunikasjon, meir deltaking i utvikling av terminologi på norsk og meir vekt på formidling. Universitetet i Bergen vil få styrkt si rolle i arbeidet med norsk fagspråk, mellom anna gjennom Termportalen. Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) vil mellom anna vidareutvikle tilskottsordningane sine og statistikkproduksjonen sin, og Nasjonalbiblioteket vil vidareutvikle arbeidet sitt med språkteknologi på norsk. Tiltak som har budsjetteffektar, vil bli vurderte i den ordinære budsjettprosessen.



## 4 Oversyn over ressursar for norsk fagspråk

### Terminologi

- *Termportalen* – ein nasjonal nettportal der ein kan søkje etter fagtermar på tvers av fagområde og termbasar (òg med høve for fagmiljø til å utvikle egne termbasar). Termportalen er driven av Universitetet i Bergen, men treng bidrag frå alle fagmiljø. (Nettside: [termportalen.no](http://termportalen.no))
- *Termlosen* – innføring i korleis ein kan utvikle terminologi (fastsetje termar, lage definisjonar osv.) (ligg føre som pdf på nett og som eige hefte hos Språkrådet)
- *Begrip begrepen!* – innføring i korleis ein kan arbeide med terminologi (e-læringskurs hos Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ))

### Ordbøker – som oppslagsverk

- *Bokmåls- og nynorskordboka* – inneheld normert rettskriving og definisjonar for bokmål og nynorsk (nettside: [ordbokene.no](http://ordbokene.no))
- *Norsk Ordbok* – oversyn over nynorsk og dialektane
- *Det Norske Akademis ordbok (NAOB)* – oversyn over bokmål og riksmål (nettside: [naob.no](http://naob.no))

**Skrivesenter** – Mange av universiteta og høgskulane har anten kurs i eller eit senter for akademisk skriving for studentane (sjå nettside hos dei einkilde institusjonane).

**Norskopplæring** – Det europeiske rammeverket for språk set opp ferdigheter i lesing, skriving, lytting og tale frå nivå A1 (lågast) til nivå C2 (høgast). Rammeverket er å finne under Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir).

#### **Kanalar for fagformidling på norsk**

- *Store norske leksikon* – eit oppslagsverk skriva av fagfolk (på nynorsk og bokmål) og eigd av dei norske universiteta og fleire ideelle stiftingar og organisasjonar (nettside: [snl.no](http://snl.no))
- *forskning.no* – Nordens største nettavis om forskning og ein viktig formidlingskanal for å fremje forskning på norsk (nettside: [forskning.no](http://forskning.no))

**Vegvisar for språkval i universitets- og høgskulesektoren** – inneheld konkrete råd om parallellspråkleg praksis innanfor både forskning, formidling, undervisning og administrasjon ved institusjonane (nettside: [sprakradet.no/uh](http://sprakradet.no/uh))

#### **Støtte til lærebøker i høgare utdanning og til fagbøker (sjå dei respektive nettsidene)**

- Lærebokordninga for høgare utdanning, ligg under Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir)
- Forfattarstipend frå Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening (NFFO)
- Lærebokstipend frå Universitetsforlaget
- Lærebokstipend frå Cappelen Damm Akademisk
- Lærebokstipend frå Fagbokforlaget

#### **Relevant fagstoff**

- *More parallel, please! Sprogbrug i internationaliseringsprosesser (2017)* – rapport frå Nordisk gruppe i parallellspråklegheit / Nordisk ministerråd om korleis ein kan utarbeide retningslinjer for parallellspråkleg praksis på universiteta og høgskulane
- *John Airey (2011) «The Disciplinary Literacy Discussion Matrix: A Heuristic Tool for Initiating Collaboration in Higher Education»* – artikkel om matrise for gode språkval til bruk i emne- og programplanlegginga





Utgjeven av:  
Kunnskapsdepartementet

Bestilling av publikasjoner:  
Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa  
[publikasjoner.dep.no](http://publikasjoner.dep.no)  
Telefon: 22 24 00 00  
Publikasjoner er også tilgjengelege på:  
[www.regjeringa.no](http://www.regjeringa.no)

Publikasjonskode: F-4486 N  
Design og ombrekking: Konsis  
Omslagsillustrasjon: Adobe Stock  
Trykk: Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa  
06/2023 – opplag 200